



Kjosås Maskin AS
Sandvenhagen
5600 Norheimsund

Rapport frå inspeksjon 21. november 2013

Rapportnummer: 2013.094.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Gry Kjosås Solberg
Jon Anders Nygård

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Hallvard Hageberg
Nina Vadøy
John Olav Hisdal

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik innan følgjande tema under inspeksjonen:

- Internkontroll
- vilkår i løyvet til drift av sorteringsanlegget

Avvika er nærare omtalt frå side tre og utover i rapporten.

Kjosås Maskin AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. mars 2014** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Sissel Storebø e.f.
senioringeniør

Nina Vadøy
overingeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Kvam herad

1. Informasjon om verksemda

Namn: Kjosås Maskin AS	Anleggsnr.: 1238.0074.01
Besøksadresse: Tolomarka og Sandvenhagen, 5600 Norheimsund	
Postadresse: Sandvenhagen, 5600 Norheimsund	
E-post: post@kjosasmaskin.no	Telefon: 56 55 25 00
Kommune: Kvam herad	Organisasjonsnr.: 972 223 166
Bransjenr. (NACE-kode): 43.120 – Grunnarbeid	Eigar (org.nr.): 958 637 284
Løyve datert: 24. mars 2009	Risikoklasse: 4

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Kjosås Maskin AS har løyve til mottak av betong og asfaltmassar, jf. løyve gitt 24. mars 2009. Fylkesmannen sette i brev 14. oktober 2009 tilleggsvilkår til løyvet etter klageavgjerd frå Statens forureiningstilsyn (i dag Miljødirektoratet). Før avgjerd av søknad om utvida løyve for Kjosås Maskin AS, kontrollerte vi om gjeldande krav i løyvet med tilleggsvilkår blir haldne.

Følgjande hovudtema vart kontrollert ved Tolomarka:

- vilkår i løyvet med tilleggsvilkår
- utslepp til ytre miljø med spesielt fokus på støy
- internkontroll, inkludert rutinar, risikovurdering og avvikshandtering
- handtering av farleg avfall

I samband med at Fylkesmannen også handsamar søknad frå Kjosås Maskin AS om løyve til mottak og lagring av EE-avfall, gjennomførte vi ei synfaring på sorteringsanlegget i Sandvenhagen. Vi kontrollerte ikkje internkontrollen eller alle delar ved drifta, men kontrollerte punkt 2.2 i løyve for sorteringsanlegget, jf. løyve av 15. desember 2004.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. mars 2014 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne dokumentasjon i form av bilete.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. mars 2014, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 10 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Kjosås Maskin AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse (tidlegare kontrollklasse) 4. Dette betyr at de skal betale 4 500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Miljødirektoratet sender faktura.

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- løyve til mottak av betong og asfaltmassar datert 24. mars 2009 med tilleggsvilkår datert 14. oktober 2009
- løyve til drift av sorteringsanlegg datert 15. desember 2004

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har mangelfull internkontroll for å ivareta ytre miljø

Avvik frå

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

Grunnlag for avviket

Den som er ansvarleg for verksemda skal sørge for at det blir innført og utøvd internkontroll i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar. Dette inneber systematiske tiltak for å sikre at regelverket, mellom anna på forureiningsområdet blir følgt. Rutinane skal vere skriftlege.

Målsetjing

Verksemda skal utarbeide overordna mål eller delmål for sin aktivitet for helse, miljø og sikkerheit. Måla bør vere konkrete og målbare. Dette for å sikre at internkontrollen skal fungere som et verktøy for at verksemda skal bli betre på å ivareta ytre miljø.

Oversikt over organisasjonen til verksemda

Internkontrollen skal omfatte ein oversikt over korleis verksemda er organisert som viser korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeidet med helse, miljø og sikkerheit er fordelt.

Risikovurdering

Ei risikovurdering skal kartleggje problem og farar for utslepp til ytre miljø og innehalde planar og tiltak for å redusere risikoen. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetane til verksemda som kan føre til forureining av vatn, grunn og luft. Det er viktig å utarbeide akseptkriterier for å klargjere kva som er akseptabel risiko og kva hendingar som krev risikoreduserande tiltak. Risikovurderinga skal munne ut i ein handlingsplan med tiltak for å redusere risikoforholda.

Skriftlege rutinar for å unngå utslepp til ytre miljø

Arbeidsrutinar må dokumenterast slik at dei kan inngå i internkontrollen. Dette gjeld mellom anna skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på forureiningsregelverket. Verksemda må òg lage rutinar for handtering av avfall og farleg avfall.

Avvikshandtering

Det skal vere eit system for avvikshandtering, det vil seie ein skriftleg rutine for korleis verksemda avdekkjer, rettar opp og førebyggjer brot på HMS-krav i lover og forskrifter. Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentakning av feil og manglar.

Kommentarar:

Verksemda har internkontroll, men denne har manglar for å ivareta ytre miljø. Vi kontrollerte ikkje heile internkontrollen til verksemda, men hadde fokus på miljørisikovurdering, rutinar og avvikshandsaming.

Miljørisikovurdering

Verksemda har utarbeidd ei skriftleg risikovurdering, sist oppdatert 11. mars 2013. Risikovurderinga er i stor grad retta mot arbeidsmiljø, medan ytre miljø i liten grad er inkludert. Det går ikkje fram av risikovurderinga korleis verksemda vurderer sannsyn og konsekvens for uønskte hendingar. Det er lista opp risikoreduserande tiltak, men det går ikkje fram når tiltaka skal/er gjennomført og ansvarsforhold.

Verksemda gav døme på at dei har risikovurdert fleire aktivitetar med omsyn til ytre miljø, men som ikkje er ført skriftleg. Følgjande tema er ikkje godt nok omtalt eller manglar i risikovurderinga (ikkje uttømmende liste):

- Støy. Risikovurderinga inneheld ein aktivitet som fører til støy. Verksemda har gjort og gjer fleire tiltak enn det som står.
- Støv. Risikovurderinga inneheld ein aktivitet som fører til støv. Verksemda bør vurdere om risikovurdering med omsyn til ytre miljø vil føre til fleire tiltak.
- Lagring av avfall. Risiko for avrenning og opphoping av betong og asfaltmassar (alder og volum)
- Mottakskontroll. Risiko for at betong ut frå anlegget inneheld miljøgifter

Det er viktig at verksemda går gjennom aktivitetane sine for å sikre at uønskte hendingar med følgjer for ytre miljø blir med i risikovurderinga.

Rutinar

Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for handtering av massane. Verksemda har krav i gjeldande løyve om å ha rutinar i internkontrollen som mellom anna sikrar følgjande:

- At bygningane på førehand er miljøsanert slik at massane er fri for mellom anna PCB, andre miljøgifter og andre element som skal fjernast
- At all armering i betong må fjernast før gjenbruk

I løyvet er det krav om at oppmaling og knusing av betong og asfalt skal gå føre seg innanfor ei viss driftstid. Denne driftstida skil seg frå driftstida til knusing av stein som er regulert i reguleringsplanen for området. Dei skriftlege rutinane for handtering av massane bør sikre at verksemda held seg innanfor kravet i løyvet om driftstid ved knusing og oppmaling av betong og asfalt.

Avvikshandtering

Verksemda har eit skriftleg avvikssystem, men dette inkluderer ikkje ytre miljø. Det er ikkje ført avvik på ytre miljø i 2013.

For å lukke avviket må Kjosås Maskin AS sende følgjande dokumentasjon til Fylkesmannen:

- Risikovurdering for ytre miljø med tilhøyrande handlingsplanar
- Skriftleg rutine for handtering av massar
- Skriftleg rutine for handtering av avvik som også omfattar ytre miljø

Avvik 2: Fast dekke i sorteringshallen er ikkje tett

Avvik frå

Løyve til drift av sorteringsanlegget i Sandvenhagen datert 15. desember 2004, punkt 2.2

Grunnlag for avviket

Verksemda har krav i løyvet til drift av sorteringsanlegget om at all omlasting og sortering av avfall skal skje på tett flate.

Kommentarar

Dekket inne i sorteringshallen hadde eit stort hol, og under synfaringa var holet fylt med avfall, sjå bilete 1.

I samband med at Fylkesmannen også handsamar søknad frå Kjosås Maskin AS om løyve til mottak og lagring av EE-avfall, gjennomførte vi ei synfaring på sorteringsanlegget i Sandvenhagen. Vi kontrollerte ikkje internkontroll eller alle delar ved drifta, men har ført avvik basert på observasjonar under synfaringa. Holet i dekket er eit klart brot på krav i løyvet og som verksemda må rette opp.

8. Merknader

Fylkesmannen har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9. Andre forhold

Kjosås Maskin AS har løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall, jf. løyve datert 1. august 2013. Verksemda opplyste at løyvet ikkje er teke i bruk endå, og at det er usikkert om det vil bli teke i bruk. Verksemda gjer Fylkesmannen tilbakemelding på dette.

I samband med at verksemda vurderer å etablere mottak og mellomlagring av farleg avfall vil vi minne om avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall. I avfallsforskrifta § 11-5 står følgjande:

"Farlig avfall skal håndteres forsvarlig. Alle som oppbevarer, transporterer eller håndterer farlig avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forurensning eller skade på mennesker eller dyr.

Farlig avfall skal ikke blandes sammen med annet avfall. Ulike typer farlig avfall skal ikke sammenblandes dersom dette kan medføre fare for forurensning, eller skape problemer for den videre håndteringen av avfallet."

For at verksemda skal ta i bruk løyve om mottak og mellomlagring av farleg avfall må verksemda gjere fleire tiltak i sorteringshallen og rundt for å sikre at farleg avfall ikkje fører til fare for forureining. Lageret bør vere innretta slik at det farlege avfallet er skjerma for vêr og vind og at det ikkje er tilgjengeleg for uvedkomande. Merking og god orden er viktig for at alle som kjem i kontakt med avfallet skal vite kva for type farleg avfall dei har med å gjere, og kva for fare avfallet fører med seg. Det vil også vere viktig med god merking for å unngå at ulike typar avfall blir blanda. Farlig avfall skal ikkje blandast med anna avfall. Det er heller ikkje lov å blande ulike typar farleg avfall dersom dette fører til fare for forureining eller skapar vanskar ved vidare handtering.

Lageret bør også vere sikra i tilfelle av uhell, søl osv. At søl og spill blir ført via rist eller sandfang til utandørs oljeutskiljar vil oftast ikkje vere god nok sikring. Ein utandørs oljeutskiljar skal ta hand om overvatn som kan vere forureina med olje frå uteområde, og vassmengdene som går gjennom oljeutskiljaren kan variere mykje. Dette gjer at reinseffekten vil variere tilsvarande. Dersom ein oljeutskiljar blir tilført annan type forureining enn olje blir reinseffekten dårleg. Verksemda må derfor sjå til at uhell, søl osv. inne i sorteringshallen ikkje blir ført til oljeutskiljar, men samla opp på annan måte.

10. Bilete

Biletet er teke av Fylkesmannen under synfaring i Sandvenhagen 21. november 2013.



Bilete 1